



- Det er rimeleg å vurdere nye besøksmål i Uskedalen, skriv kommunen til fylkeskommunen. Her er Ulvanåso i all sin prakt no om dagen.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no sendt over til fylkeskommunen og støtta søknaden frå Uskedalen Utvikling om tilskot til forprosjektet som skal avklara Uskedalen som besøksmål knytta til Folgefonna Nasjonalpark.

Verksemdsleiar Svein Opdal skriv at det er rimelig å vurdere nye besøksmål i Uskedalen i samband med at kommunane rundt Folkefonna halvøya dette året vil kunne søkja om godkjenning av nye besøksmål.

I dag er det godkjent 12 besøksmål i området som alle fyller eit eller fleire krav til natur-, kultur-, rekreasjons- eller næringsmessige kvalitetar.

- Uskedalen Utvikling sitt forprosjekt vil vera ei nyttig avklaring om kva verdiar og kva profil dei ynskjer å fremja i sitt besøksmål, skriv Opdal til fylkeskommunen.